



HJELMELAND  
KOMMUNE

# ÅRSPLAN FOR SFO VED FISTER SKULE 2022/23



## Innhold

1.	Innleiing .....	3
2.	Styrande lovverk, vedtekter og planar .....	3
3.	Verdigrunnlaget til SFO .....	4
4.	SFO sitt innhald.....	5
<b>4.1.</b>	<b>Digitale ressursar .....</b>	<b>5</b>
<b>4.2.</b>	<b>Leik .....</b>	<b>6</b>
<b>4.3.</b>	<b>Kultur.....</b>	<b>7</b>
<b>4.4.</b>	<b>Fysisk aktivitet og bevegelsesglede .....</b>	<b>8</b>
<b>4.5.</b>	<b>Mat og måltidsglede .....</b>	<b>9</b>
5.	Samarbeid med heimen .....	9
6.	Praktisk informasjon.....	10
<b>6.1.</b>	<b>Tilsette i SFO .....</b>	<b>11</b>
<b>6.2.</b>	<b>SU – samarbeidsutvalet.....</b>	<b>11</b>
<b>6.3.</b>	<b>Foreldresamarbeid .....</b>	<b>11</b>
	Hausten 2022.....	12
	Våren 2023 .....	13
	Opningstid .....	14
	Kor møter me om morgonen og ettermiddagen?.....	14
	Dagsrytmen og rutinar.....	14
	Timeplan SFO.....	15
	Klede .....	16
	Tilsette på SFO 2021/22 .....	16
	Kontaktinformasjon til SFO.....	16

## 1. Innleiing

Vår visjon på skulefritidsordninga er «*SFO – Trygg og god*», og me følgjer også skulen sin visjon «*Ein levande og trygg skule der det går an å veksa fagleg og personleg*». Me skal heile tida arbeida for at SFO er ein plass der barna føler seg inkluderte, trygge og at dei vert sett. Me skal sjå og utvikla det beste i kvart enkelt barn. Me har som mål at alle barn skal trivst og ha venner.

SFO nyttar same lokalar som skulen, og er ein del av skulen sitt læringsmiljø der vennskap og leikprega aktivitetar er viktige ingrediensar. Dei tilsette er viktige støttespelarar for å leggja til rette for dette. Me er også opptekne av å etablera eit tett og godt samarbeid med føresette.

## 2. Styrande lovverk, vedtekter og planar

[\*\*Opplæringslova § 13-7 Skulefritidsordninga\*\*](#) pålegg skulen å ha eit tilbod om SFO før og etter skuletid for 1.-4. trinn og for barn med særskilde behov på 1.-7. trinn. Den seier også noko om mellom anna innhald og tilrettelegging.

[\*\*Kapittel 9A Elevane sitt skolemiljø\*\*](#) i opplæringslova gjeld også for SFO. Den omhandlar barna si rett til eit trygt og godt psykososialt og fysisk skolemiljø.

[\*\*Rammeplan for SFO \(2021\)\*\*](#) gir nasjonale føringar for kva verdigrunnlag og kva innhald skulefritidsordninga skal og bør ha.

[\*\*Vedtekter for Hjelmeland kommune sine skulefritidsordningar\*\*](#) er utarbeida i tråd med § 13-7 i opplæringslova.

**Internasjonale konvensjonar** gjeld og for SFO, slik som [\*\*FN sin barnekonvensjon\*\*](#) om barna sine rettar, og [\*\*ILO-konvensjonen\*\*](#) nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar.



### 3. Verdigrunnlaget til SFO

*SFO skal bygge sin praksis på grunnleggande verdiar som er felles i formålsparagrafane til barnehagen og opplæringa. Verdigrunnlaget skal verte formidla og praktisert i alle delar av arbeidet i SFO og prege innhaldet og arbeidsmåtane. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).*

Verdigrunnlaget rammeplanen til SFO legg som føring består av følgjande:

- ❖ Barndommen sin eigenverdi
- ❖ Tryggleik, omsorg og trivsel
- ❖ Mangfald og inkludering
- ❖ Skaparglede, engasjement og utforskarkrong
- ❖ Demokrati og fellesskap
- ❖ Berekraftig utvikling

**Verdigrunnlaget skal kome til syne i innhald og arbeidsmåtar på vår SFO.**

SFO Fister har stor vekt på barndommens eigenverdi, ungane sitt engasjement og trivsel er det som er viktigast for oss. Gjennom ulike aktivitetar og tema vil me implementere dei viktige verdigrunnlaga i kvardagen. Aktivitetar og turar vært sentrale for barna i og med at me her og har fokus på bærekraft og gjennom daglege aktivitetar får demokrati og mangfald få komme til uttrykk. Dette er verdigrunnlag som me må ha med oss i alt me gjere og aktivitet me har. Gjennom at me vaksne har ei haldning til at det barna foreslår er positivt og noko som går an er me med på å bygge opp kring demokrati. Det har mykje å seie for barna at dei vaksne er positive til skaparglede og utforskarkrong, enten reint konkret eller me er med dei i abstrakte tankespinn. Me seier ja så langt me kan, og ynskjer å tilpassa aktivitetar til alle i barnegruppa. Me har alltid tid til å lytte til ungane og eit fang å sitte på for dei som har behov. Me rettleier og trygger barna i leiken eller aktiviteten. Viktig for oss er å vektlegge at også barna er ressurssterke personar som evner å både få og gi omsorg til kvarandre. Kvar og ein elev har eigen kompetanse innan dei ulike verdigrunnlaga som me må støtte og utvikle vidare.



## 4. SFO sitt innhald

- ❖ *SFO skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulik alder og med forskjellig funksjonsnivå. SFO skal, gjennom innhald og arbeidsmåtar, leggja til rette for god samhandling i barnegruppene, mellom enkeltbarn og mellom vaksne og barn. Barna skal ha gode vilkår for å medverke.*
- ❖ *SFO skal ivareta barna sine interesser og introdusera nye aktivitetar. I tillegg til sjølv å tilretteleggja for aktivitetar kan SFO samarbeida med kulturskulen, lokale lag, foreiningar og organisasjonar for å gjennomføra og organisera innhaldet og aktivitetane. (Utdrag frå Rammeplan for SFO, Udir: 2021).*

### 4.1. Digitale ressursar

Når digitale ressursar vert nytta i SFO, skal det skje på ein hensiktsmessig og forsvarleg måte, og slik at det kan stimulera barn til utforskande, kreativ og skapande samhandling. Det er SFO sitt ansvar å ivareta barna sin sikkerheit og tryggleik på nett, og at reglar for personvern vert følgde. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).

Me har fokus på at ungane skal kunne nytte til dømes digitale verktøy til å lage eigne bilete, ev dokumentere eigen kvardag i ulike samanhengar på ein forsvarleg og utforskande måte. På SFO vil me la elevane få bruke litt tid på Minecraft ilag. Dette for å støtte dei i ein sosial setting. Dette er ein aktivitet som og fremmer evne til programmering, algoritmisk tenking og sosial kompetanse. Hjå oss er det viktig at flest mogleg får delta og at dette er ein aktivitet som me har lagt opp til på ein pedagogisk måte.

Me har lysbord og ulike lysblokker til SFO som kan være eit artig supplement til ulike leikar. Det fremmer både utforsking, fantasi, leik, kunst og kultur, og matematisk tenking. Programmeringsleiker ynskjer me å kunne nytte med tida og. Det ligg ein plan inne for det.



Fugler i nærmiljøet 4+  
University of Stavanger  
Designed for iPad  
★★★ 2.7 • 11 Ratings  
Free

## 4.2. Leik

*Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. SFO skal tilrettelegge for og støtte opp om, at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet.*  
(Rammeplan for SFO, Udir: 2021).

Me er opptekne av å ha eit godt og variert utval av utstyr, leiker og spel. Me er heldige som har eit variert og flott uteområde ved Fister SFO. Me har gode inne- og uteområde som innbyr til ulik leik og aktivitetar, som m.a. turar i nærområdet, ballspel, klatring inne buldrehola og ute i trær. Der er det Tarzanjungel og ballbinge. Zipline og reiler. Sandkasse og buskar og trær å leike i. Inne har me SFO rommet, kjøkken og gymsalen som me nyttar. Mediatek og grupperom nyttar me og ved høve.



### 4.3. Kultur

Kultur skal ha ein viktig plass i SFO. SFO skal leggja til rette for at barna får delta i forskjellige kunstnariske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk, dans, drama og anna skapande verksemd. Gjennom kulturaktivitetar skal SFO gi støtte til at barna får skapa sine eigne uttrykk og får kjennskap til ulike måtar å uttrykke seg på, slik at mangfaldet i barnegruppa vert representert. SFO skal bidra til at barna møter samisk kultur.

(Rammeplan for SFO, Udir: 2021).

Me er opptekne av at me skal fremme alle sin kulturelle bakgrunn på SFO, så framt den einskilde ynskjer det. Her gjeld det å kunne vere den man er med sin eigen kultur i sin eigen ryggsekk. Den samiske kulturen ynskjer me å markera i samanheng med samane sin nasjonaldag 6.februar 2022. Men ikkje berre denne dagen. Me vil og ha det som tema i frå midten av januar til midten av februar for å kunne bruke god tid på tema, og få impulsar og finne ulike uttrykksmåtar innan den samiske kulturen.

Me på SFO har utkledningsklede til rollelek. Det er mykje ulikt materiale å boltre seg med i kunstnarisk samanheng. All slags utstyr har me, og ungane får i stor grad bruke seg sjølv og eigen fantasi og skaparglede fritt, men med støtte frå dei vaksne. Dei kulturelle og estetiske opplevingane me kan tilby på SFO er viktige for ungane. Anten me har fokus på form og farge eller land art og naturens eigne mønster er det ungane si interesse og leik som er avgjerande for oss på SFO.



#### **4.4. Fysisk aktivitet og bevegelsesglede**

*SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremja barna si bevegelsesglede og motoriske utvikling. SFO skal leggja til rette for at alle barn får delta i variert bevegelsesleik og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst. SFO bør leggja til rette for aktivitetsformer som kan bidra til bevegelsesglede, og som oppstår i leik saman med andre barn. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).*

Ved Fister SFO er me mykje ute og leikar og går på lange turar eller snarturar. Fokuset vårt er at det er kjekt å være ute og me gir mykje rom for leiken. Nokre veker legg me opp til fellesleikar der me vil at alle er med, både barn og vaksne. Ofte får ungane sjølv velje kva, kven og korleis dei leiker ute. Andre gonger hjelper me dei i gong eller kjem med forslag. Målet vårt er å vere så mykje som mogleg ute, men me tek hensyn dei dagane dei har vore mykje ute på skulen eller mange er våte og leie. Då har me aktivitet inne. Me har tross alt både klatrehole og gymsalen inne. Tarzanjungelen og ballbingen er dei områda som me ser barna søker seg til og nyttar mykje år etter år. Men også i skogkanten og i buskane er det mykje klattring og leik.



## **4.5. Mat og måltidsglede**

*SFO skal legge til rette for daglege måltider som gir barna grunnlag for å utvikla matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar. Barna skal få tilstrekkeleg tid og ro til å eta i løpet av tida dei er på SFO. (Rammeplan for SFO, Udir: 2021).*

Måltidet er og har alltid stått sterkt hjå oss ved Fister SFO. Det at barna får eit godt måltid og ei kjekke felles oppleving er det viktigaste. Me legg opp til to varme måltid i veka. Dei andre dagane har me vanleg, sundt norsk brødmåltid. Dei som har behov for å ete om morgonen tek med seg nistepakke. Fredagen er ut på tur dag/aktivitetsdag, og då bør alle ha med niste til måltidet kl. 11:05. Varm mat har me ca. kl. 13:15 på fredagane og kl. 14:00 tysdagane. Er me på tur lagar me ofte maten på bål.



## **5. Samarbeid med heimen**

*Hensynet til barna sitt beste skal ligge til grunn når SFO samarbeider med foreldre, skule, barnehage og andre offentlege instansar. (Rammeplan for SFO: 2021).*

SFO har som mål å ha eit tett og godt samarbeid med føresette. Føresette skal vera trygge på at barna har det trygt og godt på SFO. For å oppnå det legg me til rette for å etablera ein open og god dialog, både i det daglege i bringe- og hentesituasjonen, og på foreldremøte.

Me forventar at føresette snakkar positivt om skulen og SFO til barna sine, og tek opp usemje direkte med SFO.

Fister SFO sender ut info til føresette og ynskjer info frå føresette:

- melding på Transponder ved fråvær og korte beskjedar (ikkje sensitiv informasjon)
- månadleg e-post/transponder melding med månadsplan og månadsbrev og annan info og påmeldingar til plandag og feriar etc.

Skulen sitt samarbeidsutval og skolemiljøutval tek opp tema som omhandlar SFO si verksemd. Der bør det sitja ein representant med barn i SFO, som kan ta opp tema som omhandlar SFO på vegne av foreldregruppa.

## 6. Praktisk informasjon

### Informasjon om SFO på heimesida til Hjelmeland kommune

På heimesida til Hjelmeland kommune finn du informasjon om SFO:

<https://www.hjelmeland.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/skulefritidsordning-sfo/>.

Der finn du m.a informasjon om:

- Prisar på SFO
- Informasjon om og søknadsskjema til redusert foreldrebetaling
- Opningstider
- Informasjon om den enkelte SFO (under «*Finn SFO*»)
- Vedtekter
- Ferie- og plandagar
- Lenke til oppvekstportalen, kor ein m.a. søker om endring av oppholdstid og oppseiing av plass:  
<https://hjelmeland.ist-asp.com/NO01133-pub/login.htm>. Føresette logger seg inn i oppvekstportalen, og går inn på plasseringa til barnet. Her vil de finne moglegheit for å seie opp plass eller endre plasstype.

### Opningstider og feriedagar

SFO har ope alle vyrkedagar i 11 månadar, med unnatak av 5 plandagar. I 2022/23 er SFO stengd pga. plandagar på følgjande datoar: 15.-17. august, 2. januar og 19. mai.

SFO er også stengd 4 veker i juli. I dei andre feriane er SFO open dersom det er minst tre barn på SFO. Ved for få barn (1-2), kan desse barna få tilbod om plass i ein annan SFO dei aktuelle dagane.

## **6.1. Tilsette i SFO**

Tilsette	Morgen	Ettermiddag
<b>Leiar: Gro-Merete Viken Nouissri</b>		<b>Måndag, tysdag og torsdag, fredag</b>
<b>Barneveileder Åshild Falkvik Øye</b>	<b>Måndag, tysdag og onsdag</b>	<b>Torsdag og Fredag</b>
<b>Barne- og ungdomsarbeider Anja Krause</b>	<b>Torsdag og fredag</b>	<b>Måndag, Tysdag og onsdag</b>

## **6.2. SU – samarbeidsutvalet**

Dersom foreldra har saker angåande SFO som dei vil ta opp i samarbeidsutvalet, er det mogleg å ta det opp med SFO - leiar, rektor eller foreldrerepresentantane frå skulen.

## **6.3. Foreldresamarbeid**

Personalet evaluerer arbeidet sitt kontinuerlig. Me ynskjer at samarbeidet mellom foreldre og dei tilsette i SFO skal være prega av openheit. For at dette skal fungere best mogleg treng me tilbakemeldingar frå brukarane våre som er barn og føresette. Ta kontakt om stort og smått. Me vil ha lågast mogleg terskel for å ta opp ting.

## Plan aktivitetar

Hausten 2022

Månad	Aktivitetsplan
August	<b>Skape trygghet for barna og bli kjent med barn og vaksne i SFO</b> <b>Bli kjent med skulen, SFO og uteområdet, og nærområdet</b> <b>Bli kjent med reglar og rutinar</b> <b>Aktiviteter ute og inne;</b> <b>Snarturar i nærområdet; Grille i grillhytta</b>
September	<b>Frist for å melde seg på haustferien torsdag 15.9.22</b> <b>Foreldremøte 8.9.22</b> <b>Skogstur. Lage mat på bål i grillhytta.</b> <b>Litt inne; formingsprosjekt</b> <b>Fellesaktiviteter/gruppeaktiviteter; Natursti og turbingo</b> <b>Felles leiker</b> <b>Bursdagsfeiring med kafé.</b>
Oktober	<b>Haustferie 10.10-14.10 veke 41</b> <b>Ut på tur i skog og nærområdet</b> <b>Samle ting i frå naturen, lage noko i forming.</b> <b>HA MED DAG</b> <b>Onsdag 31.10.22 frist for å melde seg på plandagen i november.</b>
November	<b>Gå på tur i nærområdet og laga varm mat ute; grillhytta</b> <b>18. november plandag, fri for elevene på skulen, SFO ope viss tri eller fleire påmeldt.</b> <b>Tysdag 29. nov frist for å melde seg på juleferien.</b> <b>Bursdagsfeiring med kafé.</b>
Desember	<b>Laga julekos og julepynt</b> <b>Baka peparkaker</b> <b>HA MED DAG</b> <b>Uteaktivitetar (la det snø, la det snø)</b> <b>Me lagar is lykter/ev anna med fargar og lys</b> <b>Juleferie for elevene, siste skuledag torsdag 22.12.22 veke 51</b>

## Plan aktivitetar

Våren 2023

Månad	Aktivitetsplan
Januar	<p><b>Skulen og SFO plandag 2. januar, fri for elevane på SFO. SFO og skule opnar 3. januar. 2023 veke 1.</b></p> <p><b>Ta imot besøk av dei som skal byrja på skulen neste år.</b></p> <p><b>Frist for å melde seg på vinterferien vert onsdag 31.januar.</b></p>
Februar	<p><b>Bruka uteområde, gruva, Tarzanjungel osv.</b></p> <p><b>Bursdagsfeiring med Kafé</b></p> <p><b>Ta imot besøk av dei som skal byrja på skulen neste år.</b></p> <p><b>HA MED DAG</b></p> <p><b>Vinterferien 27.2.23-3.3.23</b></p>
Mars	<p><b>Kle seg ut dag</b></p> <p><b>Ut på tur, grillhytta</b></p> <p><b>Laga påskepynt</b></p> <p><b>Frist for å melde seg på påskeferien torsdag 16.3.23</b></p> <p><b>Ta imot besøk av dei som skal byrja på skulen neste år.</b></p>
April	<p><b>Fellesleiker</b></p> <p><b>Påskejakt/rebus; kvar har haren lagt egget?</b></p> <p><b>Påskeferie 3.april - 10.april.</b></p> <p><b>Tur i skog og mark, turbingo.</b></p> <p><b>Bursdagsfeiring med kafé.</b></p> <p><b>Ta imot besøk av dei som skal byrja på skulen neste år.</b></p> <p><b>Frist for å melde seg på sommarferien er torsdag 29.3.23</b></p>
Mai	<p><b>Forming og leik ute.</b></p> <p><b>01.05 Arbeidernes dag</b></p> <p><b>17.05 Grunnlovsdagen.</b></p> <p><b>18.05 Kristi himmelfartsdag.</b></p> <p><b>19.05 Plandag SFO stengt</b></p> <p><b>29.05 2. Pinsedag. Fri.</b></p> <p><b>Ta imot besøk av dei som skal byrja på skulen neste år.</b></p>
Juni	<p><b>Fri leik ute og turar.</b></p> <p><b>HA MED DAG</b></p> <p><b>Siste skuledag 21. juni. SFO ope fram til juli for dei som melder seg på.</b></p>
Juli	<b>SFO stengt heile juli månad, veke 27,28,29 og 30 (03.07.22-28.07.22)</b>

## Opningstid

SFO er open frå kl. 07.30 – 08.30 om morgonen og frå skuleslutt - 16.15.

## Kor møter me om morgonen og ettermiddagen?

Om morgonen skal barna møte på SFO rommet. Der held me på med rolege inne aktivitetar. Dei som vil tek med seg niste og et den når dei kjem om morgonen. Når skulen er slutt møter barna i foajeen for oppteljing.

## Dagsrytmen og rutinar

Både om morgonen og ettermiddagen tek me ei oppteljing kven som er på SFO.

På ettermiddagen tek me oppteljinga i garderoben/foajeen. Tysdag tek me oss eit friminutt før me går inn og vaskar hender og me et. Etter maten er det på tide med ulike aktivitetar. Tysdag har vore bakedagen vår, det må me legge på vent pga. corona og hygientiltaka som fylgjer med. Fredag er ein god dag for tur. Før me går et me nista. Me er på tur til rundt kl.13:45. Me kan ikkje ta ansvar for elevar som skal på kulturskulen til ulike tider. Då må føresette sjølv hente og bringe frå der me er til speletimen, og tilbake. Det same gjeld viss elevane skal verte henta når me er på tur, då må dykk hente der me er.

## Timeplan SFO

<b>07:30 til 08:30</b>	<b>Ete niste frukost. Rolege inneaktivitar. Barna byrjar å rydde kl.08:20 og er klare til 08:30 og skulen startar.</b>			
<b>08:30</b>	<b>Skulen startar</b>			
Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
13:55 SFO startar Barna møter i foajeen Oppteljing 14:15 Mat Aktivitetar ute/inne Sjekk månadsplanen 16:00 Rydding 16:15 SFO stenger, og alle barna skal ha blitt henta	13:10 SFO startar Barna møter i foajeen Oppteljing Leik ute 13:15-14:00 Mat Ca 14:00 Aktivitetar ute/inne Sjekk månadsplanen 16:00 Rydding 16:15 SFO stenger, og alle barna skal ha blitt henta	13:55 SFO startar Barna møter i foajeen Oppteljing Mat Ca 14:00 Friminutt ute 14:30 Aktivitetar ute/inne Sjekk månadsplanen 16:00 Rydding 16:15 SFO stenger, og alle barna skal ha blitt henta	13:55 SFO startar Barna møter i foajeen Oppteljing Mat Ca 14:00 Friminutt ute 14:30 Aktivitetar ute/inne Sjekk månadsplanen 16:00 Rydding 16:15 SFO stenger, og alle barna skal ha blitt henta	10:55 SFO startar Barna møter i foajeen Oppteljing 11:10 Ete matpakka 11:40 Tur Sjekk månadsplanen om turen går ut til fordel for andre aktivitetar) Varm mat ca. 13:30-14:15 Dei som tek bussen 13:55 16:00 Rydding 16:15 SFO stenger, og alle barna skal ha blitt henta

## Klede

Alle klede må merkast med namn. I garderoben har kvart barn si eiga korg der dei skal leggja klesskift.

Pass på at barna alltid har det som trengst av sko og klede for å kunna vera ute. Me er ute kvar dag på SFO. Dei tilsette hjelpt til med å fortelja kva som er rett påkledning i forhold til været.

## Tilsette på SFO 2022/23

Gro-Merete Viken Nouissri SFO leiar

Anja Krause Barne og ungdomsarbeider

Åshild Falkevik Øye

## Kontaktinformasjon til SFO

Du kan ringja til SFO i opningstida.

SFO mobil: 404 39 219

SFO-leiar: Gro-Merete Viken Nouissri

E-postadresse: [gro.merete.viken.nouissri@hjelmeland.kommune.no](mailto:gro.merete.viken.nouissri@hjelmeland.kommune.no)